

Idar Stegane  
Nils Langhelles vei 74

5148 FYLLINGSDALEN

## Kulturmidlar 2018 - Klage på vedtak om avslag

Viser til brev av 23.06.18 der du klagar på fylkesdirektøren sitt vedtak om avslag på søknad om kulturmidlar.

Fylkesdirektør for næring og kultur har som underinstans handsama klagen.

### Søknadshandsaming:

Idar Stegane søkte om 8000 kr i kulturmidlar for å gje ut eit nytt og utvida opplag av boka «Kjære Tomasine! brev til Tomassine Tolleivsdotter Vasset 1902 – 1931» som han gav ut første gong i 2015.

Fylkesdirektøren handsama søknaden og det vart gjort følgjande grunngjeving/vedtak for avslaget:

Tiltak:	<b>Ny og utvida utgåve av boka «Kjære Tomasine» frå 2015</b>	Søkjjar:	<b>Idar Stegane</b>		
Innhald:	Søknaden gjeld ei ny og utvida utgåve av boka «Kjære Tomasine! brev til Tomassine Tolleivsdotter Vasset 1902 – 1931» som søkjjar gav ut i 2015. Boka er ei samling med 80 brev skrive til Tomassine og foreldra på garden Vasset i Eikefjord.				
	Boka frå 2015 er utseld. Då det har dukka opp 20 nye brev ønskjer søkjjar skrive ei ny og utvida utgåve og gje boka ut på nytt.				
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser positivt på at det blir gitt ut bøker med utgangspunkt i historiske kjelder frå fylket.				
	I dokumentet «Grunnleggande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål» som er tilgjengeleg på <a href="http://www.sfj.no">www.sfj.no</a> er det presisert at det ikkje vert gitt tilskot til utgjeving/publisering av litteratur. Dette vert føresett finansiert gjennom sal av produktet. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til å avslå søknaden.				
Budsjett:	19 875	Søknadssum:	8000	Vedtak:	<b>0</b>

Idar Stegane vart informert om vedtaket i brev frå fylkeskommunen, datert 08.06.18.

### Grunngjeving frå klagar

Klagar meiner at eit nytt og utvida opplag av boka ikkje vil gje inntekter ved sal, då den først og fremst er ei samling kulturminne. Boka vil bestå av 100 brev inkludert nokre få kort som er sende til same mottakar(ar), Tomassine Vasset (Grov) og foreldra hennar. Brev er skrivne av folk som stort sett berre hadde 10 veker årleg folkeskule. Klagar har reinskrive breva og meiner det særigne språket i breva kan vere grunnlag for ei masteravhandling eller anna fagleg tilnærming. Vidare kan breva vere kjeldemateriale for studiar i lokalhistorie, landbrukshistorie og sosialhistorie.

Klagar har skaffa til veies og lagt til rett eit svært sjeldan kulturelt materiale på lik linje med andre typar historiske gjenstandsfunn. Han viser til uttale frå Seniorrådgjevar ved avdeling for spesialsamlingar ved Universitetsbiblioteket i Bergen, Ola Søndena, som skriv at brevsamlinga er svært verdifull. Den skildrar det kvardagslege, sjukdom og slit, glede og sorg, tankar og røymsler frå bygdeliv i Sogn og Fjordane i dei første tiåra i det tjuande hundreåret. Dei fleste andre brev ved Spesialsamlingane ved Universitetet i Bergen er skrivne av personar med høge posisjonar i samfunnet og skildrar historiske storhendingar av ymse slag.

Klagar er avhengig av å få finansiert utgjevinga for å få gitt ut boka. Utgjevinga har ein kostnad på 19 875 kr og utan støtte må han nytte eigne midlar. Klagar har fått avslag på støtte frå Universitetet i Bergen, Sparebankforeininga i Sogn og Fjordane og Fritt Ord.

Klagar held oppe søknaden om 8000 kr til å gje ut boka.

### **Vurdering av klagen**

Fylkesdirektøren har vurdert klagen.

Klagen inneheld ingen nye opplysingar i høve søknaden, men utdjuar den. Søkjar har heller ikkje påvist at det er gjort sakshandsamingsfeil i samband med avslaget. Det vil såleis vere skjønnsvurderinga som er lagt til grunn som må vurderast.

Klagar skriv at boka ikkje vil gje inntekter ved sal, då den først og fremst er ei samling kulturminne. Boka vart første gong gitt ut i 2015. I søknaden skriv klagar at boka er utseld og at han har snakka med forlag om eit nytt opplag. Då det har dukka opp fleire brev ønskjer han å gje ut ei ny og utvida utgåve. Det er planlagt å trykke opp 50 eksemplar av boka. Klagar viser til at han har skaffa og gjort til gjengeleg eit svært sjeldan kulturelt materiale som er på lik linje med andre historiske gjenstandsfunn.

Handsaming av søknader om kulturmidlar bygger på retningslinjer for ordninga vedtatt i HNK 25.10.16 og bakgrunnsdokumentet «Grunnleggjande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål» som utdjuar dei regionale prioriteringane. I bakgrunnsdokumentet er det under punkt 5 «Andre relevante omsyn» presisert kva tiltak som ikkje kan få tilskot. Her står mellom anna at det ikkje vert gitt tilskot til utgjeving/publisering av litteratur, film og musikk. Dette vert føreset finansiert gjennom sal av produktet. Avgrensinga er gjort fordi det innan ramma for ordninga ikkje er rom for å støtte alle som søker og fylkesdirektøren må difor prioritere.

Størstedelen av brevsamlinga er gjort tilgjengeleg i bokutgjevinga frå 2015. Då første opplag er utselt vurderer fylkesdirektøren at det også vil vere grunnlag for at ei ny og utvida utgåve vil gje inntekter ved sal. Ei ny utgjevinga vil komplettere brevsamlinga, men klagar har ikkje vist til at tillegget vil tilføre nok ny informasjon til at det er grunnlag for å gjere unntak for retningslinjene for tilskotsordninga.

Fylkesdirektøren vurderer at brevsamlinga inneheld eit viktig kulturhistorisk materiale frå fylket. Denne type materiale bør gjerast tilgjengeleg for så mange som mogleg. Mykje lokalhistorisk material vert i dag gjort tilgjengeleg gjennom digitalisering og publisering på nett, som til dømes Fylkesarkivet si teneste Kulturhistorisk leksikon for Sogn og Fjordane eller den nasjonale portalen Lokalhistoriewiki.no. Å publisere på desse portalane er kostnadsfritt. Fylkeskommunen vil kunne bidra med rådgeving dersom klagar ønskjer å publisere brevsamlinga på denne måten.

### **Vedtak:**

Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at det er gjort sakshandsamingsfeil eller at det er nye opplysningar i saka. Klaga frå Idar Stegane vert ikkje teken til følgje. Klaga vert sendt over til klagenemnda.

Klagenemnda vil truleg handsame klaga i løpet av september. Du vil bli informert om vedtaket.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
ass. fylkesdirektør for kultur

Eva Kristin Svidal  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*